

Møteprotokoll

Utval: Ålfotbreen verneområdestyre
Møtestad: Hyen Samfunnshus, Hyen i Gloppen
Dato: 07.04.2017
Tidspunkt: 10:00-14:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hege Lothe	Leder	
Marius Strømmen	Medlem	
Jan Henrik Nygård	Medlem	
Gunn Sande	Medlem	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Holen	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 1/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/2017	Godkjenning av protokoll frå førre møte		
RS 1/2017	Orienteringssaker		
ST 3/2017	Ålfotbreen verneområdestyre - Bestillingsdialogmøte 2 - prioritering av tiltaksmidlar		2017/1360
ST 4/2017	Ålfotbreen verneområdestyre - Besøksstrategi		
ST 5/2017	Eventuelt		
RS 2/2017	Synfaring til innfallsport Hope og stien mot Lavesteinen		

Tillegg til sakliste:

ST 6/2017 Val av nestleiar

ST 1/2017 Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Vedtak:

Innkalling vart godkjent.

Tillegg til saklista:

ST 6/2017 Val av nestleiar

Sakliste vart godkjent med det tillegget.

ST 2/2017 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Framlegg til vedtak:

Protokoll frå førre møte vert godkjent og signert

Vedtak:

Protokoll frå førre møte vart godkjent og signert

RS 1/2017 Orienteringssaker

- Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) fekk i januar løyve til å lande med helikopter i Skjerdalen i Gloppen i samband med tilsyn og vedlikehald på vassføringsmålestasjon. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.
- Sogn og Fjordane Energi (SFE) har sendt inn rapport over landingar med helikopter i regi av SFE og NVE i 2016. Desse landingane er i tråd med fleirårig løyve som SFE og NVE har fått tidlegare og skjer i samband med bremålingar og med tilsyn av installasjonar. Rapporten var særst ryddig og bra.
- SFE ved Vegard Fagerli har gjeve tilbakemelding på brev som verneområdestyret har sendt til SFE gjeldande allmenn tilgong til SFE sine anlegg. SFE har ikkje kome med noko svar enno, men det vert jobba med.
- Ålfotbreen verneområdestyre hadde arbeidsmøte i Ålfoten 13.februar. Då jobba styret og administrasjonen med besøksstrategien. I tillegg til å jobbe med besøksstrategien, fekk styret omvisning på Hjortegarden i Førde, og styret vart synt rundt på ein del av SFE sine anlegg i området. Hege Lothe, Marius Strømmen og Gunn sande deltok frå styret på arbeidsmøte og synfaring.

Utval	Utvallsak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/2017	07.04.2017

Ålfotbreen verneområdestyre - Bestillingsdialogmøte 2 - prioritering av tiltaksmidler

Vedtak ST 3/2017

1. Ålfotbreen verneområdestyre reagerer på særst liten tildeling av tiltaksmidler for 2017, og grunngevinga for den låge tildelinga. Verneområdestyret vil sende eit brev til Miljødirektoratet der ein tek opp dette. Sekretariatet formulerer eit utkast til brev som styret godkjenner på e-post før det vert sendt.
2. Ålfotbreen verneområdestyre har fått tildelt 60.000,- i tiltaksmidler, som vert fordelt slik:

Tiltak	Sum
Skilting med turstiskilt	20.000
Reparere stige mellom Blåbrebu og Ålfotbreen	20.000
Ulike stiltak	20.000

3. Ålfotbreen verneområdestyre skal gå i gang med prosjektering av stiarbeidet på Hope-Lavesteinen. Styret skal sende brev til kommunane og til lokalt næringsliv for å vonleg få fleire med på finansiering av stiarbeidet.
4. Ålfotbreen verneområdestyre skal gå i dialog med Gloppen kommune, grunneigarane i Hope og Hyen Idrettslag (eller andre lokale krefter) for å vonleg få sette saman ei prosjektgruppe som i fellekap kan jobbe vidare med prosjektering av stiarbeidet Hope – Lavesteinen.

Saksutgreiing

Bakgrunn

Etter Bestillingsdialogmøte 1 i fjor haust, sende verneområdestyret inn ei liste over 5 tiltak som styret ynskte midlar til. Desse hadde ein samla stipulert kostnad på totalt 630.000.

Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Sti Hope - Lavesteinen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Ålfotbreen landskapsvernområde(VV00002749)	Forvaltningsm.	400 000
2	Skilting - turskilt	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Ålfotbreen landskapsvernområde(VV00002749)	Forvaltningsm.	20 000
3	Reprarerer stige	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Ålfotbreen landskapsvernområde(VV00002749)	Forvaltningsm.	20 000
4	Informasjonsskilt	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Ålfotbreen landskapsvernområde(VV00002749)	Forvaltningsm.	150 000
5	Ulike stiltak	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Ålfotbreen landskapsvernområde(VV00002749)	Forvaltningsm.	40 000
						630 000

Tildeling og tilbakemelding

Miljødirektoratet har tildelt Ålfotbreen verneområdestyre 60.000 i tiltaksmidlar for 2017. i si tilbakemelding har Miljødirektoratet bedt verneområdestyret om å avvente tiltak nr 1 – Stien Hope-Lavesteinen og tiltak nr 4 – Informasjonsskilt, sidan desse ikkje er forankra i besøksstrategi.

Pri.	Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
1	Sti Hope - Lavesteinen	Avvent	0	Tiltak 1 og 4 krever forankring i besøksstrategi.
2	Skilting - turskilt		0	
3	Reprarerer stige		0	
4	Informasjonsskilt	Avvent	0	Avvent godkjent besøksstrategi
5	Ulike stiltak		0	
6	Pott	OK	60000	Hvis tildelte midler ikke skulle strekke til for å dekke alle tiltakene dine, oppfordrer vi til å søke midler på supplerende tildelinger utover året.

Styret bør merke seg at Naustdal-Gjengdal verneområdestyre for nokre år sidan «lånte» 50.000 av tiltaksmidlane til Ålfotbreen verneområdestyre. Naustdal-Gjengdal har fått bra tildeling i 2017, og dei har nok rom til å betale tilbake lånet dersom Ålfotbreen verneområdestyre treng desse midlane til tiltak.

Årets tildeling på 60.000 er veldig liten, mykje mindre enn kva ein har fått tidlegare. Besøksstrategien er ikkje ferdig, men det vert jobba godt med den. Ein kan og sjå at andre nasjonalparkar og verneområder som heller ikkje har ferdig besøksstrategi får vesentleg høgare tildelingar. Som verneområdeforvaltar finn eg denne tildelinga merkeleg. Verneområdestyret kan vurdere om dette er noko ein skal ta opp med Miljødirektoratet.

Handsaming i møte

Ålfotbreen verneområdestyre må prioritere og fordele dei 60.000 i tildelte tiltaksmidlar for 2017 på dei tiltaka som ikkje har fått beskjed om å avvente.

ST 4/2017 Ålfotbreen verneområdestyre – Besøksstrategi

Verneområdestyret arbeider vidare med besøksstrategien for Ålfotbreen landskapsvernområde.

Sjå vedlagt framlegg

Vedtak:

Endringar i utkastet:

- Førdedalen som innfallsport skal omtalast som eige punkt under kapittel 3.2 Strategiske grep.
- Mindre grammatisk endringar.

Ålfotbreen verneområdestyre godkjenner utkast til besøksstrategi med desse endringane som vart tekne opp i møtet, fram til og med kapittel 3.2.

Verneområdeforvaltar sett opp eit framlegg til tiltaksplan som vert sendt ut til styret for godkjenning ved neste høve.

ST 5/2017 Eventuelt

Ingen saker

RS 2/2017 Synfaring til innfallsport Hope og stien mot Lavesteinen

Verneområdestyret tok turen til Hope og ein av dei viktigaste innfallsportane til Ålfotbreen landskapsvernområde. Her såg styret på:

- Ulike tilretteleggingstiltak i innfallsport som parkeringsplass, informasjonstavle og toalett.
- Skilting og merking

Mange av grunneigarane i Hope møtte opp og snakka med styret om både dagens bruk av innfallsporten og ikkje minst om vidare stiarbeid på Hope-Lavesteinen

ST 6/2017 Val av nestleiar i verneområdestyre

I konstituerande styremøte 5.april 2016 vart Audun Åge Røys frå Bremanger kommune valt til nestleiar i verneområdestyret. I ettertid har Bremanger kommune bytta representant til styret; Audun Åge Røys gjekk ut og Marius Strømmen vart oppnemnt som fast representant til styret for Bremanger kommune. Det må derfor veljast ny nestleiar.

Framlegg frå styreleiar:

Marius Strømmen vert valt til ny nestleiar i Ålfotbreen verneområdestyre.

Vedtak:

Marius Strømmen vart valt til nestleiar i Ålfotbreen verneområdestyre.